



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland

**Bygland kommune ønskjer GODT NYTTÅR!**

ENDRING I HANDTERING AV TRYGGLEIKSALARMAR

LES MEIR - S. 6 <<<

Varsel om mindre endring av reguleringsplan for Byglandsfjord sentrum (plan-ID: 199901)

SLETING AV GJELD I UTVALDE KOMMUNAR - BYGLAND ER MED



MERKETIDER JANUAR 2026:

- Jolebasse/julebukk: tysdag 13.01. Barna i Bygland går jolebasse 20. dag jol
- Informasjonsmøte Endring av reguleringsplan på Byglandsfjord, Pakkbua, 19.01. kl. 18.00
- Tømekalender for Bygland 1. halvår 2026, sjå s. 11

>>> LES MEIR - S. 7

Responscenteret i Kristiansand overta som førstelinjemottakar av alle tryggleiksalarmar i Bygland kommune frå 06.01.26

INFORMASJON OM REGULERINGS-PLAN FOR BYGLANDSFJORD

>>> LES MEIR - S. 5

No kan du få sletta gjeld i Lånekassen. Innbyggjarar i 11 kommunar i Agder kan no få sletta 25.000 kroner av studielånet kvart år.



ORDFØRAREN SI SIDE

HELSING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Godt nyttår!

Januar er her, og endeleg kom det snø. At ikkje det blei ei heilt kvit jul denne gonga er jo ikkje heilt uvanleg, men verteikn og framskrivingar av klimaforskarar seier at det blir meir normalen enn unntaket i åra som kjem. Mangel på kvit jul er no ein ting, meir alvorleg er det at klimaendringane også påverkar natur og økosystem. FN's klimapanel og eit overveldande fleirtal av forskarar er einige om at desse klimaendringane er menneskeskapte.

Menneske er slik sett sin eigen og naturens verste fiende. Kva kan vi gjere?

På individuelt nivå kan vi ta ansvar for vår eigen forbruk, til dømes prøve å kaste mindre mat, og heller reparere enn å kjøpe nytt.

Kommunen kan også ta ansvar, til dømes gjennom meir satsing på energieffektivisering, og handle meir lokalt. Det siste er ei viktig sak å jobbe for gjennom innkjøpsordninga vi er del av i Agder.

Ei sak, som alle veit er betent hjå oss og *mange andre stadar*, er spørsmålet om fornybar kraft. Vi treng meir av det. I Bygland er til dømes vindkraftsaker omdiskutert. Og det er lett å forstå, i og med at dei er så synlege og inneber fysiske inngrep i naturen, den vi er så glad i.

Likevel meiner eg, som ordførar, at det er viktig at vi *diskuterar desse sakene på ein skikkelig måte i lokalmiljøet. Eg trur at denne diskusjonen vil bli lettare ved å vurdere konsekvensene* av konkrete vindkraftsaker. Det *vil innebere* å vere open for dei ulike *meningane* i ein debatt som gjerne er full av kjensler, samstundes som ein har respekt for kvarandre.

Elles er det mange andre viktige saker som skal opp i det politiske i løpet av året, mellom anna interkommunale samarbeid og korleis vi skal løyse oppgåvene saman i åra som kjem. Samstundes skal vi jobbe vidare med Bygg Bygland, der vi også i år får ei ekstraordinær støtte frå staten for å satse på næringsliv og bulyst i Bygland. Eg har trua, for eg veit at det er godt å leve her!

Godt nyttår alle saman, og lukke til med kva det skal vere!

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 77

- **Ansvarleg redaktør:** Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt; Oleh Moskalov
- **Bilete:** Framside: Ved Bjoren Brygge/Bygland kommune; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt; Kva skjer: Bygland sentrum/Bygland kommune
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt februar 2026: 03.02.2026, skrivefrist 29.01.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00;

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
 telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
 tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00;
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
 mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00;

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.

Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95

Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025

Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen. Du kan òg tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- mandagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

**BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD,
 STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD**

- mandagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30

BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL, BUA BYGLAND OG BYGLAND UNGDOMSKLUBB

sjå s. 9





POLITISKE MØTE - JANUAR 2026



- Bygland ungdomsrådsmøte: 23.01. kl. 11.00
- Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsettingar: 26.01. kl. 12.00
- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 27.01. kl. 09:00
- Levekårsutvalet: 28.01. kl. 09:00
- Formannskapsmøte: 29.01. kl. 09:00



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

LEDIGE STILLINGAR

FERIE-/SOMMARVIKARAR 2026 - BYGLAND KOMMUNE, HELSE OG OMSORG (20 – 100% vikar)

Bygland kommune har behov for dyktige og pliktoppfyllande sommarvikarar til eining helse og omsorg sommaren 2026.

Søknadsfrist: 09.03.2026

Sjå annonsen på Webcruiter; ID: 5053346416

DAGLEG LEIAR I SETESDAL INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD (100% FAST)

Setesdal interkommunale politiske råd (IPR) – eit samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Åseral – søker ein initiativrik og strategisk dagleg leiar som vil vere ein nøkkelperson i utviklinga av regionen.

Kontorstad i Valle.


Arbeidsgiver: Valle kommune

Søknadsfrist: 25.01.2026

Sjå annonsen på Webcruiter; ID: 5058171601



RÅDET FOR ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEDDSETTINGAR



STRØSAND/SINGEL TIL PENSJONISTER Henting av strøsand hos Teknisk drift på Nesmoen. Treng du som er pensjonist strøsand kan du hente gratis hos teknikk stasjonen til Bygland kommune på Nesmoen. Vi tilrårder att du henter strøsand i god tid før frosten biter seg fast. Er strøsandforrådet tomt tek kontakt med teknisk sjef Trond Skjeggedal på tlf. 94 82 60 03



INFORMASJON FRÅ LÅNEKASSEN

SLETNING AV STUDIELÅN I UTVALDE KOMMUNAR

Innbyggjarar i 189 distriktskommunar i Noreg kan få sletta 25 000 kroner av studielånet per år gjennom ei ny ordning i Lånekassen.

I Agder gjeld ordninga for desse 11 kommunane:

Gjerstad, Hægebostad, Iveland, Kvinesdal, Sirdal, Vegårshei, Åmli, **Bygland**, Bykle, Valle og Åseral.

Ordninga gjeld frå 5. januar 2026, men opptening kan reknast frå 1. januar 2025.



Kven kan få sletta studielån

Du må oppfylle krava i 12 samanhengande månader:

- Bu i ein kommune i sentralitetsklasse 5 eller 6
- Vere folkeregistrert og faktisk bu i kommunen
- Vere yrkesaktiv (i eller utanfor kommunen)

Yrkesaktiv betyr minst eitt av desse:

- Arbeid i minst 50 % stilling
- Fulltidsarbeid i minst 6 månader + registrert arbeidssøkjar hos NAV resten av perioden
- Omsorg for barn fødde i 2014 eller seinare, eller særleg tyngjande omsorgsoppgåver

Sjukmelding tel med i oppteningsperioden.

Kven blir ikkje rekna som yrkesaktiv

- Heiltidsstudent
- Førstegongsteneste
- Elev ved militær skule

Periodar der du fekk eller kunne ha fått støtte frå Lånekassen til heiltidsutdanning, kan ikkje teljast med.

Kva kan slettast

- Berre lån, ikkje renter og gebyr
- Lånet må vere rettmessig teke opp
- Gjeld utdanning på alle nivå

Du må framleis betale avdrag og renter som vanleg.

Unntak

Dersom du bur og arbeider i Finnmark eller Nord-Troms, gjeld den eksisterande ordninga der, uavhengig av sentralitetsklasse.

Søknad

- Du må søkje innan 3 månader etter at 12-månaders oppteningsperioden er fullført
- Søknaden er felles for fleire ordningar, og Lånekassen hentar nødvendige data automatisk

For meir informasjon: lanekassen.no/nn-NO/gjeld-og-betaling/

SAMFUNN

INFORMASJON OM REGULERINGSPLAN FOR BYGLANDSFJORD

Det er no sendt ut varsel for mindre endring av reguleringsplan for Byglandsfjord sentrum (plan-ID: 199901). Denne reguleringsplanen omfattar i dag store delar av Byglandsfjord.


Endringa skal handsamast etter plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd (forenkla prosess). Føremålet med endringa er å oppdatere plankart og føresegnene slik at dei samsvarar med faktiske tilhøve og gjeldande regelverk (pbl. 2008), samt å sikre ei meir føremålstenleg arealbruk for framtidig utbygging og drift.

Proessen opnar derimot ikkje for å gjennomføre større endringar. Partar som vert råka, har fått tilsendt varsel med høve til å kome med innspel.

INFORMASJONSMØTE

Sjølv om planendringane ikkje er spesielt store, ønskjer kommunen likevel å halde eit informasjonsmøte på **Pakkbua** på Byglandsfjord stasjonsområdet, **måndag 19. januar klokka 18.00**.

Her vil det bli servert kaffi, og det blir rom for å stille spørsmål rundt arbeidet.



PRISLISTE FOR 2026

Vedtatt av kommunestyret 11.12.25. Prislista for alle kommunale område blir lagt ut på kommunen si heimeside i veke 3/2026. Prislista for Samfunn omfatter:

- | | |
|--|----------------------------------|
| • Gebyr etter plan- og bygningsloven | • Kommunale avgifter |
| • Gebyr for arbeid etter matrikkelloven | • Til utleige |
| • Handsaming av private regulerings- og detaljplanar | • Tomteprisar |
| • Jord- og konsesjonslov | • Private vegar |
| • Fellingsavgifter | • Kart- og eigedomsopp,lysningar |

RISA AS SKAL BYGGE NY OSE BRU

Agder fylkeskommune og Risa AS har skrevet kontrakt på ny Ose bru i Bygland.

Agder fylkeskommune informerer i ein pressemelding frå 22.12.2025 om oppstart på bruarbeidene ved Ose i Bygland. Det blir oppstart ute på anlegget på fv. 3804 ved Ose i Bygland våren 2026. Forventa oppstart på bruarbeida vil bli i løpet av sommaren/hausten 2026.





HELSE OG OMSORG

Januar – program på Byglandsheimen

DAG	DATO	KLOKKE	AKTIVITET
Onsdag	7/1	11:00	Open Dag
Tysdag	13/1	14:00	Andakt med Knut
Onsdag	14/1	11:00	Open dag
Onsdag	21/1	11.00	Open Dag
Tysdag	27/1	14:00	Andakt
Onsdag	28/1	11:00	Open Dag

ENDRING I HANDTERING AV TRYGGLEIKS-ALARMAR FRÅ JANUAR 2026

Vi ønskjer å informere om ei viktig endring i korleis tryggleiksalarmar blir handtert i Bygland kommune. Frå tysdag 6. januar 2026 vil det ikkje lenger vere kommunens heimeteneste som tek imot alarmar direkte. I staden vil Responssenteret i Kristiansand overta som førstelinjemottakar av alle tryggleiksalarmar.

**Kva betyr dette for deg som brukar?**

Når du utløyser tryggleiksalarman din, vil Responssenteret i Kristiansand svare først. Dei vurderer situasjonen og kontaktar rett ressurs for hjelp, anten dei du har på di ringeliste, heimetenesta eller ambulanse.

Du får framleis den hjelpa du treng, men samtalen går via Responssenteret.

Kvifor gjer vi denne endringa?

For å sikre rask og profesjonell handtering av alle alarmar, uansett tidspunkt. Responssenteret har døgnbemanning og kan følgje opp alle hendingar effektivt.

Kva må du gjere?

Du treng ikkje gjere noko. Tryggleiksalarman din fungerer som før.

Ta kontakt med oss dersom du har spørsmål eller ønskjer meir informasjon.

Hilde Cecilie Aagren, rådgjevar Helse og omsorg, tlf. 91 87 18 68

BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no og på FB

Prestvikar ut mars 2026: Inge Berg Pettersen

Kyrkjevevje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



- **Gudsteneste:** søndag 18.01. kl. 11.00 i Bygland kyrkje
- **Andakt på Byglandsheimen:** tysdagar 13. og 27.01. kl. 14.00



KULTUR



KOPI AV HYLESTADPORTALEN PÅ BIBLIOTEKET PÅ BYGLAND

På biblioteket på Bygland kan ein sjå ein kopi av Hylestadportalen, utskore i tre av Jon Sandbu. Det er Vidar Toreid som har lånt ut portalen til kommunen. Hylestad stavkyrkje vart rive på 1600-talet, og det er ikkje mykje ein veit om denne i dag. Men stavkyrkja er likevel vidgjeten på grunn av Sigurd Fåvnesbane-motiva på den eine av dei to kyrkjeportalane som vart teke vare på ved at dei vart sette inn i andre bygningar, og difor kunne innlemmast på 1800-talet i samlingane til Universitetets Oldsaksamling i Oslo.

SPELEMIDLAR TIL IDRETTS- OG FRILUFTSANLEGG

Spelemidlarstøttar bygging og rehabilitering av anlegg for **idrett og fysisk aktivitet**, slik at flest mogleg kan delta i eigenorganisert aktivitet eller frivillig idrett.

Målgruppene er born (**6–12 år**) og ungdom (**13–19 år**).

Søknadsfrist

- Frist for å sende inn søknader til Bygland kommune er onsdag **14. januar**.
- Leverast via elektronisk søknadsskjema

Kven kan søkje?

- Idrettslag under Norges idrettsforbund (NIF) og Samisk idrettsforbund
- Sammenslutningar under Norges Jeger- og Fiskerforbund, Den Norske Turistforening, Norges Bilsportforbund og Det Frivillige Skyttervesen
- Aksjeselskap, allmennaksjeselskap, stiftingar, borettslag og velforeningar, m.m.

Kva kan få støtte?

- **Ordinære idrettsanlegg** (organisert aktivitet)
- **Nærmiljøanlegg** (eigenorganisert aktivitet)
- Anlegget må vere opne for allmenn aktivitet og ikkje underlagt kommersielle interesser

For meir informasjon og søknadsskjema sjå Bygland kommune si heimeside.



MUSIKK PÅ BYGLAND

Kong Hanes Eftf. Korøving:

onsdagar kl. 19-21, musikkrom på Bygland skule

Bygland Hornmusikk: Korpsøving:

tysdagar kl. 18-20, Bygland kulturscene

Bygland leikarring, Folkemusikk for dei yngste: måndagar kl. 16-16.30, Bygland ungdomsklubb





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8. klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagscafe: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (12. og 26.01.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (13. og 27.01.)
- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 - 20.00 (06. og 20.01.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (i januar: 08.+ 22.01.)

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30
- Teppebowls: torsdagar i oddetalsveker kl. 17.00 (15. og 29.01.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (05. og 19.01.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 - 17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **16.01.**



Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar

Setesdalsmuseet



MASKEVERKSTAD - JOLEBASSE; SETESDALSMUSEET

- Laurdag 10. januar kl. 12–15; Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad



TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - JANUAR 2026

- **Matavfall og restavfall:** veke 2: torsdag 08.01.
- **Papir og plast:** veke 4: tysdag 20.01.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 4: torsdag 22.01.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (14.01.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (24.01.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (10.01.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND - JANUAR

BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 14. JANUAR

KL. 17.30: FLÅKLIPA - FRA PARIS TIL PYRAMIDENE

Tillatt for alle. 110 kr. Barnefilm / Animasjon / Familiefilm

KL. 19.30: AVATAR: FIRE AND ASH

12 år. 130 kr. Eventyr / Sci-Fi / Action



TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad.

Vert og guide: Olav Grendstad. Ope fredag/sundag kl. 13 - 20



MIDTVINTERSTOGE I ÅRESTOGA PÅ BYGLAND MUSEUM

- onsdag 14. januar kl. 19.00 (open kafé frå kl. 18.00)

Forteljing og spel med lokale utøvarar rundt åra: Olav Grendstad, Svein Kleivane, Gunnar Gautland og Endre, Harald, Kari og Inger Lise Stulien

Stoga er open frå kl. 18 for sal av drikkeog lettmat. Me går til Årestoga på Bygland museum kl. 19. Kle deg godt, og ta med godt sitjeunderlag



BOKBAD MED RUNE HØIGAARD: SETESDAL PÅ TVERS.

En sykkelklatrerfører for Setesdal

- torsdag 29.januar kl. 18.30, Stoga kafé







TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE - 1. HALVÅR 2026



Tømekalender i Bygland kommune

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Bygland kommune tenestetorget. Tlf: 37 93 47 00. E-post: post@bygland.kommune.no
E-post: post@smg-iks.no. www.smg-iks.no. Tlf: 901 94 724



● = Glas/Metall

Merknad: Syrtveit Avfallsanlegg Evje, fri levering av sortert husholdningsavfall.
Tysdag kl. 08.00–14.30. Torsdag kl. 08.00–19.00. 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00

2026

Januar			Februar			Mars			April			Mai			Juni		
T 1 Første nyttårsdag	S 1	M 2	S 1	M 2	T 3	S 1	M 2	T 3	O 1	T 2 Skjærtorsdag	F 1 Arbeidernes dag	M 1	T 2	O 3	M 1	T 2	23
F 2	M 3	T 4	M 3	T 4	O 5	M 3	T 4	O 5	F 2	S 3 Langfredag	L 2	M 4	19	T 4	F 5	L 6	
L 3	O 4	T 5	O 4	T 5	F 6	L 7	S 8	M 9	L 4	S 5 Første påskedag	T 5	O 6		F 5	L 6	S 7	
M 4	T 6	F 7	M 4	T 6	L 7	S 8	M 9	T 10	M 5	M 6 Andre påskedag	T 6	F 7		L 6	S 7	M 8	24
L 5	M 5	T 7	L 5	M 5	T 7	S 8	M 9	F 10	T 7	O 8	F 8	L 9		M 8	T 9	O 10	
T 6	F 6	L 7	T 6	F 6	L 7	S 8	M 9	T 10	F 9	L 10	M 11	20		T 10	F 11	L 12	
O 7	M 7	T 8	O 7	M 7	T 8	S 8	M 9	F 10	L 11	T 11	M 12	21		F 12	L 13	S 14	
T 8	F 8	L 9	T 8	F 8	L 9	S 8	M 9	T 10	M 13	16	T 14 Kristi himmelfartsdag	F 15		M 15	T 16	O 17	
F 9	M 9	T 10	F 9	M 9	T 10	S 8	M 9	F 10	L 14	O 15	L 16	21		T 16	O 17	T 18	
L 10	M 10	T 11	L 10	M 10	T 11	S 8	M 9	F 10	M 15	12	S 17 Grunnlovsdagen	M 18		F 19	L 20	S 21	
S 11	T 12	F 13	S 11	T 12	F 13	S 8	M 9	F 10	O 16	13	M 19	22		M 22	T 23	O 24	
M 12	F 14	L 15	M 12	F 14	L 15	S 8	M 9	F 10	L 17	14	T 19	23		F 20	L 21	S 22	26
T 13	M 13	T 14	T 13	M 13	T 14	S 8	M 9	F 10	M 18	15	F 21	24		L 22	M 23	T 25	
O 14	L 14	S 15	O 14	L 14	S 15	S 8	M 9	F 10	L 19	16	M 20	25		F 22	L 23	O 26	
T 15	M 15	T 16	T 15	M 15	T 16	S 8	M 9	F 10	M 21	17	T 21	26		M 24	T 26	F 27	
F 16	M 16	T 17	F 16	M 16	T 17	S 8	M 9	F 10	L 20	18	F 22	27		L 24	M 25	T 28	
L 17	T 18	F 19	L 17	T 18	F 19	S 8	M 9	F 10	M 22	19	M 24	28		F 23	L 25	O 27	
S 18	F 20	L 21	S 18	F 20	L 21	S 8	M 9	F 10	L 22	20	M 25	29		M 26	T 27	F 28	
M 19	T 21	F 22	M 19	T 21	F 22	S 8	M 9	F 10	M 23	21	T 26	30		L 26	M 27	T 29	
T 20	F 23	L 24	T 20	F 23	L 24	S 8	M 9	F 10	L 24	22	F 23	31		M 28	T 30	F 31	
O 21	M 24	T 25	O 21	M 24	T 25	S 8	M 9	F 10	M 25	23	M 26			L 27	M 29	T 31	
T 22	F 26	L 27	T 22	F 26	L 27	S 8	M 9	F 10	L 26	24	T 27			F 24	L 28	M 30	
S 23	M 27	T 28	S 23	M 27	T 28	S 8	M 9	F 10	M 27	25	F 24			M 29	T 31		
F 24	L 28	M 29	F 24	L 28	M 29	S 8	M 9	F 10	L 28	26	M 30			L 29	M 31		
L 25	M 30	T 31	L 25	M 30	T 31	S 8	M 9	F 10	M 31	27	T 31			F 30			
T 26	F 31	L 1	T 26	F 31	L 1	S 8	M 9	F 10		28				M 1	T 2		
O 27	M 1	T 2	O 27	M 1	T 2	S 8	M 9	F 10		29				F 2	L 3		
M 28	T 3	F 4	M 28	T 3	F 4	S 8	M 9	F 10		30				M 3	T 4		
T 29	F 5	L 6	T 29	F 5	L 6	S 8	M 9	F 10		31				L 4	M 5		
F 30	M 6	T 7	F 30	M 6	T 7	S 8	M 9	F 10						T 5	F 6		
L 31			L 31			S 8	M 9	F 10						M 6	L 7		

Nesmoen Gjenvinningsstasjon. Opningstider: 2. onsdag i månaden kl 14.00–18.00 og 4. laurdag i månaden kl 10.00–13.00.



KVA SKJER I BYGLAND JANUAR 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Bygland sentrum. Foto: Bygland kommune

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
tysdag 13.01.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
onsdag 14.01.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	Flåklypa - Frå Paris til pyramidene (for alle)
onsdag 14.01.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 19.30	Avatar: Fire and Ash; 12 år
onsdag 14.01.	Stoga kafé; Bygland museum	kl. 19	Midtvinterstoge - Kultur i årestoga
sundag 18.01.	Bygland kyrkje	kl. 11	Gudsteneste
måndag 19.01.	Bygland kommune, Samfunn; Pakkbua	kl. 18	Informasjonsmøte Reguleringsendringar på Byglandsfjord
fredag 23. - sundag 25.01	KVS Bygland	kl. 19 - kl. 11 (3 dagar)	Besøkshelg på KVS Bygland
laurdag 24.01.	Bjoren Brygge	sjå FB	Konsert: Vidar Frøysnes
tysdag 27.01.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
torsdag 29.01.	Stoga kafé, Presteneset	kl. 18.30	Bokbad med R. Høigaard: Setesdal på tvers (sykkel)
fredag 30.01	Bjoren Brygge	sjå FB	Pub-quiz

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral (t.d. Bygdemiddag) og Bygland ungdomsklubb: s. 9



VELKOMMEN TIL FAMILIEBADING!
Symjebassenget og badstoga på Bygland skule
tysdagar og fredagar kl. 17.00 -20.00

